



## Referat frå møte med klubbane i Kvinnherad ang. barnefotball

Dato/stad: Tysdag 12.mars 2013 på Triohuset.

Tema: Planlegging av sesongen 2013 for miniputtar 7-10 år i Kvinnherad.

Arrangør: Hordaland FK, ved Are Ulseth.

Til stades: Anita Simensen (Uskedal), Arvid Nes (Rosendal), Hilde Olderkjær (Rosendal), Cecilie Jonassen (Rosendal), Lars Emil Berge (Rosendal), Verner Fjelland (Halsnøy), Are Ulseth (Trio), Annlouise Benjaminsen (Trio).

Ternen og Herøysund hadde meldt frå at dei ikkje hadde høve til å stille, likeså sonekontakt Odda, Lars Einar Torsnes. Strand-Ulv var heller ikkje til stades, skal dei vera med?

Are Ulseth (Trio) koordinerer miniputtfotballen i Kvinnherad sesongen 2013. Klubbane var invitert til møte på Triohuset for å planlegge sesongen for dei yngste.

### Sak 1: Påmeldte lag

Alle lag i mini-fotballen skal spele 5arfotball. Dette er pålegg frå kretsen. Vi gjev rom for at seriedagane i G10-klassen gjennomførast som 6arfotball. Vi gjekk gjennom påmeldingslistene og deltakinga i år ser ut til å bli om lag som i fjor (pr i dag 50 lag, stig normalt litt gjennom sesongen).

Viktig at dei mindre klubbane ikkje gløymast ved utsending av invitasjonar (har skjedd før...). Legg ved kontaktliste her.

For årsklassane 6/7 år, 8 år og 9 år må det totalt reknast ca 45 deltakande lag på cupane vi skal arrangere (viss alle melder seg på). Ca 10 lag i kvar årsklasse, pluss vel 10 reine jentelag. Veldig positivt! ☺

### Minner om at: **(NB! Orienter trenarar og lagleiarar grundig om dette!)**

Ein må melde seg på til kvar turnering. Klubbane bør sende påmelding samla, for å sikre mot feil.

Meld på i klasse som høver mhp sportsleg nivå. Bør også informere arrangør om nivå på laget.

Eigen klasse for 2007 («skulekameratar»), om mogleg. Helst jentelag mot kvarandre.

Vi ønskjer jamne kampar!

Komprimer kampoppsetta: Kort pause mellom kampane for kvart lag.

Viktig at dommarane får tilbakemeldingar undervegs, fortrinnsvis skryt.

Oppfordrar til å bruke **”kampvert”**: Ein vaksen som har følgjer opp god oppførsel og fair play.

Fokus på at keeper får kaste ut til upressa medspelar. Motstandar trekke laget tilbake på eigen halvdel, før ein går på igjen! Kan bli enda meir konsekvent her!

Unngå bruk av overårige (dei minste klubbane kan få sjeldne unnatak)

Premie: Ein liten premie er ok. NB! Ingen konkurranse om å ha flottaste premien!

Anbefalt banestorleik i cupane er 32x16 meter. Kampar 2x10 minutt. Bruk 3arballar.

NB! Vi prøvar å få til minst 1 rein jentecup i år, vellukka i fjor. Rosendal står bak dette initiativet.



## Sak 2: Cupdagar for miniputt

- Invitasjon ut min 2 veker før, påmld-frist 1 veke før.

### Datoar for miniputtcupar (6/7-9 år):

Datoar for årets miniputtcupar:

Søndag 21.april:	Herøysund
Torsdag 9.mai/laur 11.mai:	Rosendal (kun <b>jenter</b> 6/7-12 år)
Måndag 20.mai:	Trio (kun <b>gutar</b> 6/7-9 år, 2.pinsedag)
Søndag 9.juni:	Rosendal

-----

Søndag 1.september:	Uskedal (Heio Cup)
Søndag 22.september:	Halsnøy (evt 21/9)
Søndag 20.oktober:	Trio (Kvednabekken)

## Sak 3: Seriedagar for G10-klassen (2003)

Har hatt eit samarbeid med Odda-regionen for 10-årsklassen, der desse ikkje spelte cupar, men derimot "seriedagar". Alle laga i klassen samlast på same stad, 6-7 gonger i løpet av sesongen. Alle laga spelte 2 kampar kvar a 2x15 minutt. Med små unnatak vart dette gjort på kvardagar, arrangementet gjerast unna på 2,5 time.

Fordelar med ordninga:

- Betre sportslege utfordringar
- Kompakt arrangement
- Mindre køyring
- Tilvenning til ordinært seriespel, som kjem frå 11 års alder.
- Evt kaker og saft/kaffe til ungar og føresette, sosialt og triveleg.

Vi har ca 9-10 lag i G10 i år: Halsnøy (2 lag), Rosendal (2), Trio (4), Uskedal (1), Strand-Ulv (1?). I år er det 7 lag frå Odda-regionen. Dei har interesse av å vera med på ca 2 dagar på våren (får melde seg fritt på til våre oppsette datoar på våren), og tilbyr å arrangere 2 dagar sjølv på hausten.

Vi laga eit oppsett for seriedagane, 4 på vår og 2 på haust. Så sper Odda på med sine på hausten.

Arrangøren får ansvar for å lage kampoppsett. Unngå at ein møter lag frå eigen klubb og same laga kvar gong. Hugs å sende ut invitasjon 2 veker før, påmeldingsfrist 1 veke før (oppsett lagast snarast etter dette). Ta gjerne kontakt med Are for hjelp.

Kampoppsett: 2 kampar til kvart lag, 3-4 kampøktar totalt (ferdig på ca 2,5 time). 2-3 banar. Kampane skal vera på 2x15 minutt. I utgangspunktet 6 spelarar på banen, litt større bane enn mini.

### Oppsett av datoar for seriedag G10 (2003):

- Fredag 26.april: Husnes (Kvednabekken, arrangør: Trio Husnes03)
- Fredag 03.mai: Halsnøy
- Fredag 31.mai: Uskedal
- Måndag 12.juni: Rosendal
- Fredag 06.sept: Husnes (Kvednabekken, arrangør: Trio Valen03/Trio Sunde03)
- Onsdag 02.okt: Rosendal
- Odda supplerer med to datoar i haustsesongen.
- Elles er det sjølvsagt fullt mogleg å avtale ekstra treningskampar utanom dette.



### **Vedlegg: Kontaktperson barnefotball for klubbane i Kvinnherad**

Halsnøy	Verner Fjelland	<a href="mailto:verner.fjelland@gmail.com">verner.fjelland@gmail.com</a>	Tlf: 92 65 41 34
Trio	Are Ulseth	<a href="mailto:areu@online.no">areu@online.no</a>	Tlf: 99 24 00 87
Herøysund	Anjo Såtendal	<a href="mailto:anjo-saa@hotmail.com">anjo-saa@hotmail.com</a>	Tlf: 99 15 73 36
Uskedal	Anita Simensen	<a href="mailto:anitasimensen@hotmail.com">anitasimensen@hotmail.com</a>	Tlf: 47 63 35 95
Uskedal (leiar)	Odd Steinar Arnesen	<a href="mailto:oddsteinar.arnesen@knett.no">oddsteinar.arnesen@knett.no</a>	Tlf: 90 72 27 66
Rosendal	Arvid Nes	<a href="mailto:arv-ne@online.no">arv-ne@online.no</a>	Tlf: 48 22 80 26
Ternen	Vegar Saghaug	<a href="mailto:vegar.saghaug@kvinnherad.kommune.no">vegar.saghaug@kvinnherad.kommune.no</a>	Tlf: 91 82 23 82
Strand-Ulv	Tone Tufta Gaugstad	<a href="mailto:tonetufta@hotmail.com">tonetufta@hotmail.com</a>	Tlf: 92 45 76 80
Odda-regionen	Lars Einar Torsnes	<a href="mailto:larsesto@hotmail.com">larsesto@hotmail.com</a>	Tlf: 90 88 12 67

### **Vedlegg: Kontaktperson G10 i Kvinnherad**

Halsnøy	Verner Fjelland	<a href="mailto:verner.fjelland@gmail.com">verner.fjelland@gmail.com</a>	Tlf: 92 65 41 34
Halsnøy	Arnljot Hvidevold	<a href="mailto:arnljot.hvidevold@skarveland.no">arnljot.hvidevold@skarveland.no</a>	Tlf: 91 36 77 29
Trio Husnes	Eivind Nissestad	<a href="mailto:eivind.nissestad@soral.no">eivind.nissestad@soral.no</a>	Tlf: 40 40 44 84
Trio Valen	Annlouise Benjaminsen	<a href="mailto:annlouise@bekkenes.com">annlouise@bekkenes.com</a>	Tlf:
Trio Sunde	Bjørnar Skogseth	<a href="mailto:bskogset@online.no">bskogset@online.no</a>	Tlf: 90 67 56 12
Uskedal	Åshild Haukenes	<a href="mailto:oddsteinar.arnesen@knett.no">(oddsteinar.arnesen@knett.no)</a>	Tlf: 46 62 34 22
Rosendal	Arvid Nes	<a href="mailto:arv-ne@online.no">arv-ne@online.no</a>	Tlf: 48 22 80 26
Rosendal	Cecilie Jonassen		Tlf: 40 48 96 17
Strand-Ulv	Sveinung Ljones	<a href="mailto:tonetufta@hotmail.com">(tonetufta@hotmail.com)</a>	Tlf: 48 89 72 52
Odda	Lars Einar Torsnes	<a href="mailto:larsesto@hotmail.com">larsesto@hotmail.com</a>	Tlf: 90 88 12 67

(Lars Einar informerer lagleiarane for Odda sine G10-lag.)

### **Vedlegg: Øvrige arrangement det er verdt å hugse**

- Søn 6.april: Trio Cup for 7-9 år (+J10) i Husneshallen
- 20.-21.april: Bendit Cup (Solid)
- 24.-26.juni: Fotballskular Trio (Husnes) og Rosendal
- 16.-18.august: Husnes Cup for 10-12-åringar
- 23.-25.august: Puttefestival (Stord)